



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Levekårsutvalet
Møtedato:	21.05.2026
Møtetid:	09:00 - 12:00
Møtestad:	Kommunehuset, Sætremarka 2, Møterom Børilden

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Per Lerøy	medlem	AP	
Terje Håland	leder	AP	
Bjarte Næss	medlem	SP	
Renee Hansen	medlem	SAM	
Semmingsen			
Lisbeth Oen	medlem	U	
Linda Brandtun	medlem	U	
Helge Dyrkolbotn	medlem	U	

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
------	-------	-------

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Kristin Nesbø	møtesekretær
Britt M. Skålevik Lerøy	kommunedirektør
Bjarte Rosenlund	kommunalsjef

Møteprotokollen vert publisert på kommunen si nettside. Den er mellombels godkjent av utvalsleiar eller ordførar i etterkant av møtet, og vert endeleg godkjent i neste møte.

Kristin Nesbø

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 9/2026	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 10/2026	Godkjenning av møteprotokoll - frå Levekårsutvalet 26. mars	
OS 6/2026	Orienteringssak - svar på spørsmål om status og behov for omsorgsbustader	
PS 11/2026	Nytt helse- og omsorgstun - framlegging av skisseprosjekt	
PS 12/2026	Eigenevaluering av Levekårsutvalet og medverknadsråd	

PS 9/2026 Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent

Sak 9/2026 Godkjenning av innkalling og sakliste
Levekårsutvalet - 21.05.2026

Handsaming:

Per Lerøy Ap orienterte om eit initiativ frå helseministeren om framtidas eldrepolitikk. Han hadde utfordra administrasjonen til å gje innspel. Administrasjonen får skryt for å gi ei svært god tilbakemelding på spørsmåla. Svaret blir lagt ved protokollen frå møte i dag.

Utvalsleiar Terje Håland refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 9/2026 Godkjenning av innkalling og sakliste
Levekårsutvalet - 21.05.2026

Innkalling og sakliste vert godkjent

PS 10/2026 Godkjenning av møteprotokoll - frå Levekårsutvalet 26. mars

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Møteprotokollen frå 26. mars vert godkjent.

Sak 10/2026 Godkjenning av møteprotokoll - frå Levekårsutvalet 26. mars
Levekårsutvalet - 21.05.2026

Handsaming:

Utvalsleiar Terje Håland refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 10/2026 Godkjenning av møteprotokoll - frå Levekårsutvalet 26. mars
Levekårsutvalet - 21.05.2026

Møteprotokollen frå 26. mars vert godkjent.

OS 6/2026 Orienteringssak - svar på spørsmål om status og behov for omsorgsbustader

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Levekårsutvalet tek orienteringa til vitande

Sak 6/2026 Orienteringssak - svar på spørsmål om status og behov for omsorgsbustader
Levekårsutvalet - 21.05.2026

Handsaming:

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund la fram saka jf. saksframlegget.

Sak med tilbod frå Allstad og Coop om omsorgsbustader kjem i septembermøte til kommunestyret og vil betyr mykje for korleis vi kan dekke behovet framover.

Utvalsleiar Terje Håland refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 6/2026 Orienteringssak - svar på spørsmål om status og behov for omsorgsbustader
Levekårsutvalet - 21.05.2026

Levekårsutvalet tek orienteringa til vitande

PS 11/2026 Nytt helse- og omsorgstun - framlegging av skisseprosjekt

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tek skisserapporten for nytt helse- og omsorgstun, utarbeidd av Sweco, til vitande.
2. Kommunestyret konstaterer at skisseprosjektet i hovudsak svarar ut bestillinga frå kommunestyret om å greie ut to alternative løysingar:
 - a) nybygg der tenestene vert samla på eigna tomt
 - b) rehabilitering og nybygg ved Nordliheimen.
3. Kommunestyret avsluttar med dette skisseprosjektfasen for prosjektet nytt helse- og omsorgstun.
4. Kommunestyret sluttar seg til kommunedirektøren si vurdering om at dagens prosjekt for eit samla og omfattande nytt helse- og omsorgstun ikkje vert vidareført til forprosjekt, konkurransegrunnlag eller byggjevedtak no. Bakgrunnen er kommunen si økonomiske bereevne, investeringsnivået i skisseprosjektet og den samla risikoen i prosjektet.
5. Kommunestyret tek til vitande at kommunen arbeider vidare med moglege løysingar for omsorgsbustader, areal til heimetenesta og dagtilbod til personar med demens i dialog med eksterne aktørar. Desse løysingane skal leggjast fram som eiga sak til politisk handsaming.
6. Kommunestyret ber kommunedirektøren, i samband med rullering av handlings- og økonomiplanen, vurdere om det bør etablerast eit avgrensa og eige prosjekt for realisering av ny sjukeheim i Austrheim kommune, og ny sak med framlegg til finansiering, framdriftsplan og prosjektorganisering.

Ei slik vurdering skal ta utgangspunkt i behovet for framtidsretta sjukeheims plassar, forsvarleg drift og nødvendige støttefunksjonar, men skal ikkje byggje på føresetnaden om eit omfattande nytt helse- og omsorgstun med full samlokalisering av alle aktuelle tenester

7. Kommunestyret legg til grunn at organisering prosjekt Nytt helse og omsorgstun, og mandatet for Levekårsutvalet som styringsgruppe har vore knytt til arbeidet med skissefasen av prosjektet. Når skisseprosjektfasen no vert avslutta, vert også denne organiseringa, med Levekårutalvet si rolle som styringsgruppe avslutta. Dersom det vert aktuelt å etablere eit nytt eller meir avgrensa prosjekt for framtidig sjukeheim og omsorgsløysingar, skal kommunedirektøren kome tilbake med forslag til mandat og organisering for politisk handsaming.

Sak 11/2026 Nytt helse- og omsorgstun - framlegging av skisseprosjekt
Levekårsutvalet - 21.05.2026

Handsaming:

Kommunalsjef Bjarthe Rosenlund la fram saka jf. saksutgreiinga.

Forslag frå Levekårsutvalet: Vi kan vi lage ei pressemelding etter vedtak i kommunestyret, for å sikre rett informasjon ut til innbyggjarane.

Leiar Terje Håland gikk gjennom kvart punkt i framlegg til vedtak. Punkta vart drøfta og utvalet vart einig om følgjande framlegg til vedtak:

Punkt 1 - 4 ingen endringar i kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Punkt 5 - Endring, legg inn "sjukeheim", slik at setninga blir slik: Kommunestyret tek til vitande at kommunen arbeider vidare med moglege løysingar for sjukeheim, omsorgsbustader, areal til heimetenesta og dagtilbod til personar med demens i dialog med eksterne aktørar. Desse løysingane skal leggjast fram som eiga sak til politisk handsaming.

Punkt 6 - Endring ta vekk siste avsnitt, slik at setninga blir slik:

Ei slik vurdering skal ta utgangspunkt i behovet for framtidsretta sjukeheims plassar, forsvarleg drift og nødvendige støttefunksjonar,

Punkt 7 - Endring, ny tekst i siste avsnitt, slik at punktet vert slik:

Kommunestyret legg til grunn at organisering prosjekt Nytt helse og omsorgstun, og mandatet for Levekårsutvalet som styringsgruppe har vore knytt til arbeidet med skissefasen av prosjektet. Når skisseprosjektfasen no vert avslutta, vert også denne organiseringa, med Levekårutalvet si rolle som styringsgruppe avslutta. Når det vert aktuelt å etablere eit nytt eller meir avgrensa prosjekt for framtidig sjukeheim og omsorgsløysingar, skal kommunedirektøren kome tilbake med forslag til mandat og organisering for politisk

handsaming. I den samanheng skal Levekårsutvalet bli involvert i tråd med gjeldande reglement.

Utvalsleiar Terje Håland refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 11/2026 Nytt helse- og omsorgstun - framlegging av skisseprosjekt
Levekårsutvalet - 21.05.2026

Levekårsutvalet si uttale:

Punkt 1 - 4 ingen endringar i kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Punkt 5 - Endring, legg inn "sjukeheim", slik at setninga blir slik: Kommunestyret tek til vitande at kommunen arbeider vidare med moglege løysingar for sjukeheim, omsorgsbustader, areal til heimetenesta og dagtilbod til personar med demens i dialog med eksterne aktørar. Desse løysingane skal leggjast fram som eiga sak til politisk handsaming.

Punkt 6 - Endring, ta vekk siste avsnitt, slik at setninga blir slik:
Ei slik vurdering skal ta utgangspunkt i behovet for framtidsretta sjukeheimsplassar, forsvarleg drift og nødvendige støttefunksjonar.

Punkt 7 - Endring, ny tekst i siste avsnitt, slik at punktet vert slik:
Kommunestyret legg til grunn at organisering prosjekt Nytt helse og omsorgstun, og mandatet for Levekårsutvalet som styringsgruppe har vore knytt til arbeidet med skissefasen av prosjektet. Når skisseprosjektfasen no vert avslutta, vert også denne organiseringa, med Levekårutalvet si rolle som styringsgruppe avslutta. Når det vert aktuelt å etablere eit nytt eller meir avgrensa prosjekt for framtidig sjukeheim og omsorgsløysingar, skal kommunedirektøren kome tilbake med forslag til mandat og organisering for politisk handsaming. I den samanheng skal Levekårsutvalet bli involvert i tråd med gjeldande reglement.

PS 12/2026 Eigenevaluering av Levekårsutvalet og medverknadsråd

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Råd og utval kjem med eigenevaluering i samband med oppstart av arbeidet med revidering av politisk reglement.

Sak 7/2026 Eigenevaluering av Levekårsutvalet og medverknadsråd

Eldrerådet - 10.03.2026

Handsaming:

Til punkta om eigenevaluering:

- Gro Johannessen argumenterte for å ha to ulike råd, men at ein kan kutta representant til RMNF.
- Torbjørn Husby argumenterte for at ei innsparing på 35.000 er lite som argument for å slå saman råda.

Gjennomgang av reglementet:

Tore Svendsen kommenterte punkt 18.3:

- Argumenterer for at alle saker bør gå via Eldrerådet dersom dei angår eldre, også om det er saker som berre går for Levekårsutvalet, Formannskapet eller administrasjonen. Noko anna er tenesteforsømmelse.

- Føreslår at ein endrar punktet om at leiar og nestleiar skal veljast for to år, til fire år.

- Føreslår at ein endrar punktet om "alderspensjonist" til 60 år, i tråd med kommunelova § 5-12. Dette vart støtta av Torbjørn Husby og andre.

Tore Svendsen kommenterte punkt 18.3:

- Om det ikkje er krav om å bu i kommunen, må ein kanskje dekkja reiseutgifter til møte då?

Gro Johannessen kommenterte at det kan jo vera medlemmer som flyttar til Knarvik.

Tore Svendsen kommenterte punkt 18.3:

- Redigera slik at kommunestyret sine representantar ikke er nemnt to gonger.

Tore Svendsen kommenterte punkt 18.3:

- Ta ut punktet om at Eldrerådet skal ha eitt medlem i RMNF. Her kommenterte Gro Johannessen at ein kanskje heller burde sett på om RMNF burde hatt ein representant inn i Eldrerådet, Hege Ramsland støtta at det er meir naturleg med ein representant frå RMNF i Eldrerådet, enn omvendt. Jan Ove Synnevåg sa at dette er eit punkt som nok er godt tenkt, men som ikkje fungerer så godt.

Tore Svendsen tok opp at det kan vera eit tema for Eldrerådet å arrangera informasjonsmøte for eldre eit par gonger i perioden. Dette fekk støtte av dei andre medlemmene, og det vart spelt inn at det kan skje i samarbeid med ulike lag og organisasjonar, og gjerne med innlegg frå kommuneleiinga. Aktuelle tema kan vera kriseberedskap, brannberedskap, eigenberedskap, beredskapsvenn, med meir.

Rådet konkluderte med at dei ønskjer å vera eige råd som i dag, men at det bør gjerast ulik redigering i reglementet.

Handsaming i rådet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 7/2026 Eigenevaluering av Levekårsutvalet og medverknadsråd
Eldrerådet - 10.03.2026

Rådet konkluderer med at dei ønskjer å vera eige råd som i dag, men at det bør gjerast ulik redigering i reglementet.

Sak 6/2026 Eigenevaluering av Levekårsutvalet og medverknadsråd
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 11.03.2026

Handsaming:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak i møte:

- Råd for menneske med nedsett funksjonsevne ønsker å halde på organiseringa med tre råd.
- Rådet ønsker med same tal medlemmer.
- Det er viktig at dei ulike brukarorganisasjonane får kome med framlegg til medlem jf. forskrift.
- Saker som vedkjem råda må kome på saklista til det aktuelle rådet. Råd for menneske med nedsett funksjonsevne kan gjerne stille i Levekårsutvalet som tilhøyrarar viss det er saker som vedkjem brukargruppa.

Handsaming i råd for menneske med nedsett funksjonsevne:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i sak 6/2026 Eigenevaluering av Levekårsutvalet og medverknadsråd

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 11.03.2026

- Råd for menneske med nedsett funksjonsevne ønsker å halde på organiseringa med tre råd.
- Rådet ønsker med same tal medlemmer.
- Det er viktig at dei ulike brukarorganisasjonane får kome med framlegg til medlem jf. forskrift.
- Saker som vedkjem råda må kome på saklista til det aktuelle rådet. Råd for menneske med nedsett funksjonsevne kan gjerne stille i Levekårsutvalet som tilhøyrarar viss det er saker som vedkjem brukargruppa.

Sak 5/2026 Eigenevaluering av Levekårsutvalet og medverknadsråd

Levekårsutvalet - 19.02.2026

Handsaming:

Per Lerøy oppfordra til å laga ei tidslinje for dette evalueringsarbeidet, og at ein tek sikte på at dette er avklart i løpet av 2026, med tanke på at kommunestyret så kan avklara saka i tide før nominasjonsprosessar og arbeidet fram mot kommunevalet i 2027.

Terje Håland oppfordra til å sjå evalueringa opp mot det arbeidet som vart gjort i kommunestyret før etablering, der det var oppe ulike framlegg, alt frå å ikkje ha utval i det heile, til å ha tre utval.

Helge Dyrkolbotn sa at ein i dette arbeidet også må sjå på korleis administrasjonen har jobba inn mot dette utvalet.

Renee Semmingsen etterlyste at dette utvalet burde fått meir grundige orienteringar på eit tidlegare tidspunkt enn i kommunestyret, slik at dei som er med i Levekårsutvalet rekk å jobba med sakene før det skal handsamast vidare.

Terje Håland ba om at medlemmene i utvalet kjem med tilbakemeldingar fram til neste gong denne saka kjem opp, slik at ein har noko å diskutera konkret rundt, alt i frå tal medlemmer til korleis utvalet skal samansettast. Så kan ein jobba vidare med dette, enten i neste møte eller seinare.

Håland sa at i neste møte vil nok nytt helse- og omsorgstun vera ei viktig sak, slik at dette med evaluering neppe er tid til å ta der.

Utvalsleiar Terje Håland refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 5/2026 Eigenevaluering av Levekårsutvalet og medverknadsråd

Levekårsutvalet - 19.02.2026

Levekårsutvalet jobbar vidare med eigenevalueringa, og kjem tilbake til saka i eit seinare møte våren 2026.

Sak 8/2026 Eigenevaluering av Levekårsutvalet og medverknadsråd

Levekårsutvalet - 26.03.2026

Handsaming:

Leiar Terje Håland (Ap) - la fram saka og refererte til liste med punkt som er sendt ut til medlemmene og som vedlegg i saka.

Nokre av punkta var drøfta i møte:

-Samansetning av utvalet - tal medlemmar, uavhengige osv.

- Renee Semmingsen (SAM) - Positivt at vi har ei felles varaliste og at vi har hatt med to uavhenige medlemmer, men Samlingslista ønsker at det skal vere eit reint folkevald parti.
- Helge Dyrkolbotn (Uavh) - Det kan kanskje vere vanskeleg å delta viss ein ikkje har politisk erfaring og politisk tilhøyringheit.
- Linda Brantun (Uavh) - Kanskje ein fordel å vere del av partigruppe, men det er faktisk litt greit å vere uavhengig og bidra inn i utvalet. Kanskje kan det vere med på å drive diskusjonen vidare. Kunne gjerne hatt fleire frå helse.
- Per Lerøy (Ap) - Levekårsutvalet har fungert godt. God tone, alle har bidratt inn. Samansetning på sju personar har vore god. Vi må få folk til å prioritere møte, det gjeld ikkje berre her. Når du har sagt ja til eit verv, må du stille opp og ta rolla.
- Renee Semmingsen (SAM)- Vi folkevalde må sikre oss at lista vi stiller har med folk som ønskjer å engasjere seg. Når folkevalde er med kontinuerleg får ein meir flyt i

sakene.

-Samarbeidet med administrativ leiding (kommunedirektør og kommunalsjefane) og avlasting av formannskap og kommunestyre.

- Helge Dyrkolbotn (Uavh) - administrasjon har ikkje heilt funne ut kva deira rolla er mot levekårsutvalet. Vi kunne avlasta kommunestyret meir om sakene var meir førebudd til utvalet. Det er administrasjonen som skal ha kunnskapen, førebuing og etterarbeid på saker som skal handsamast.
- Terje Håland (Ap) - Skal vi ha ein levekårsutval vidare må samspelet fungere.
- Linda Brantun (Uavh) - Tilbakemeldingane frå administrasjon har vore sprikande. Informasjonen må kome til utvalet.
- Terje Håland (Ap) - Når det gjeld avlasting har vi berre delvis levert. Kommunestyret treng også å bli vant med at utvalet finnes.
- Renee Semmingsen (Uavh) - Kommunestyra var lange, det var noko av grunngjevinga for utvalsmodellen.
- Bjarte Næss (Sp) - Må sjå på grunngjevinga for etablering av utvalet. Vi etablerte eit utval og hadde tanker om det, men det er ikkje følgt opp med saker. Det har blitt slik at utvalet finn arbeidsvegen sjølv.
- Helge Dyrkolbotn (Uavh) - Vi treng dialog med kommunedirektøren om korleis skal dette fungere - samspelet administrasjon og utval, og saker som ikkje kjem til utval.
- Per Lerøy (Ap) - Administrasjonen må ikkje tenke berre formannskap og kommunestyre, dei må tenkje gjennom heile den politiske handsaminga.
- Bjarte Næss (Sp) - Avlasting av kommunestyret, det kan bli rart om ein fjerner orienteringane i kommunestyret og berre har det i levekårsutvalet.
- Terje Håland (Ap) - Det er todelt, mindre saker har vore uproblematisk å ta i utvalet. Tidstjuven i kommunestyret er dei lange orienteringane.
- Per Lerøy (Ap) - Levekårsutvalet kunne vore ei avlastning der. Leiar i levekårsutvalet kunne ta saker vidare til kommunestyret.
- Bjarte Næss (Sp) - Det handlar om at Levekårsutvalet bør gi ei nøytral vurdering vidare. Viss dei får vite kva vi har forkasta og kva vi har teke med vidare vert det enklare.

Leiar i utvalet ber administrasjon om eit møte for drøfting av samhandling mellom administrasjon og utvalet.

Framlegg til vedtak:

Medlemmene i Levekårsutvalet sender ytterlegare framlegg/innspel til eigenevaluering til leiar som samanfattar eit forslag til vedtak til møte i mai.

Utvalsleiar Terje Håland refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 8/2026 Eigenevaluering av Levekårsutvalet og medverknadsråd

Levekårsutvalet - 26.03.2026

Medlemmene i Levekårsutvalet sender ytterlegare framlegg/innspel til eigenevaluering til leiar som samanfattar eit forslag til vedtak til møte i mai.

Sak 12/2026 Eigenevaluering av Levekårsutvalet og medverknadsråd

Levekårsutvalet - 21.05.2026

Handsaming:

Leiar Terje Håland la fram saka jamfør sakutgreiinga og tidlegare drøftingar:

Ulike innspel vart drøfta og leiar Terje Håland oppsummerte vidare:

Tydeleg fleirtal i Levekårsutvalet på oppretthalde utvalet, men ein må sjå på nokre punkt som til dømes

samarbeidet med administrasjon, og rekkefølge på saker til levekårsutval, formannskap og kommunestyre.

Det har teke noko tid å etablere dynamikken for utvalet, men det formar seg, og det er lurt å bruke meir tid før ein endeleg konkluderer om utvalsmodellen.

Sidan i hausten 2025 har det vore rutine at leiar i utvalet tek del i saksførebuande møte med ordførar og administrasjon, det er nyttig.

Framlegg til vedtak:

Levekårsutvalet si eigenvurdering:

- Levekårsutvalet bør vidareførast.
- Medlemstale på sju er vurdert som passande..
- Samansetning som i dag, med både folkevalde og uavhengige fungerer godt og bør vidareførast.

- Levekårsutvalet tilrår felles varaliste som i dag.
- Talet på møte i denne perioden samsvarer med andre politiske møter, og blir vurdert som passende.
- Ny vurdering bør gjerast i neste periode (om 4 år) når arbeidsforma har fått tid til å setje seg betre.
- Levekårsutvalet bør også sjølv tydeleggjere rolla si.
- Samarbeidsforma med administrasjon må klargjerast.
- Kommunedirektøren bør vere Levekårsutvalet sitt kontaktpunkt, og delegere saker vidare til kommunalsjefane. Vedtektene bør justerast i tråd med dette.

Utvalsleiar Terje Håland refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 12/2026 Eigenevaluering av Levekårsutvalet og medverknadsråd

Levekårsutvalet - 21.05.2026

Levekårsutvalet si eigenvurdering:

- Levekårsutvalet bør vidareførast.
- Medlemstale på sju er vurdert som passende..
- Samansetning som i dag, med både folkevalde og uavhengige fungerer godt og bør vidareførast.
- Levekårsutvalet tilrår felles varaliste slik som det er i dag.
- Talet på møte i denne perioden samsvarer med andre politiske møter, og blir vurdert som passende.
- Ny vurdering bør gjerast i neste periode (om 4 år) når arbeidsforma har fått tid til å setje seg betre.
- Levekårsutvalet bør også sjølv tydeleggjere rolla si.
- Samarbeidsforma med administrasjon må klargjerast.
- Kommunedirektøren bør vere Levekårsutvalet sitt kontaktpunkt, og delegere saker vidare til kommunalsjefane. Vedtektene bør justerast i tråd med dette.

Frå: Bjarte Rosenlund <bjarte.rosenlund@austrheim.kommune.no>

Send: måndag mai. 11, 2026 14:23

Til: Per Lerøy <ple@equinor.com>

Kopi: Trine Merete Jansen <trine.merete.jansen@austrheim.kommune.no>; Anne Hildegunn Færøy <anne.hildegunn.feroy@austrheim.kommune.no>; Britt Mary Skaalevik Lerøy <britt.skaalevik.leroy@austrheim.kommune.no>

Emne: Sv: Eldreomsog

Hei Per,

me har drøfta dette i leiargruppa i dag og her er det me ønsker å spele inn.

Innspel frå Austrheim kommune til arbeidet med framtidias eldrepolitikk

Austrheim kommune ser positivt på at det blir henta inn lokale erfaringar i arbeidet med framtidias eldrepolitikk. Eldrebølgja er ikkje ei fjern framtidisutfordring, men ei konkret utfordring som allereie påverkar planlegging, økonomi, investeringar, bemanning og tenesteutvikling i kommunane.

Austrheim kommune har gjennom Temaplan for helse og velferd 2025–2035 peikt ut ei retning for utvikling av helse- og velferdstenestene. Planen bør vere eit sentralt grunnlag for vidare arbeid med eldreomsorga lokalt, saman med økonomiplan, investeringsplanar og konkrete politiske prioriteringar.

Kommunen står, som mange andre små og mellomstore kommunar, i ein krevjande situasjon. Behovet aukar, forventningane aukar, krava til kvalitet og dokumentasjon aukar, og samtidig er både økonomisk handlingsrom og tilgang på personell avgrensa.

1. Kva er dei største utfordringane i eldreomsorga i kommunen i dag?

Dei største utfordringane er kombinasjonen av fleire eldre, fleire med samansette behov, press på heimetenester og institusjonstenester, mangel på eigna bustader, krevjande kommuneøkonomi og utfordringar med rekruttering av kvalifisert personell.

For Austrheim handlar dette mellom anna om behov for å vurdere framtidig helse- og omsorgstun, fleire tilrettelagde bustader, omsorgsbustader og omsorg pluss-løysingar. Slike tiltak er nødvendige for at fleire eldre skal kunne bu trygt, meistre kvardagen lenger og utsetje behovet for institusjonsplass.

Ei særleg utfordring er økonomien knytt til nye omsorgsbustader og omsorg pluss-bustader. Kommunen kan bli oppmoda til å byggje fleire bustader, men dersom husleiga blir for høg for minstepensjonistar og eldre med låg inntekt, kan bustadene bli ståande tomme. Då sit kommunen att med renter, avdrag, drift og vedlikehald, utan at bustadene gjev den helse- og omsorgseffekten dei var meinte å gje.

I tillegg har kommunane store og ofte uforutsigbare kostnader knytt til ressurskrevjande helse- og omsorgstenester. Slike enkeltsaker kan få store utslag i budsjettet, særleg i små kommunar. Dette gjeld ikkje berre eldreomsorga direkte, men påverkar det same økonomiske handlingsrommet som kommunen treng for å utvikle framtidisretta helse- og omsorgstenester.

Tilskotsordninga for ressurskrevjande helse- og omsorgstenester er viktig, men ho blir opplevd som lite føreseieleg og krevjande å praktisere. Regelverket er komplisert, og mange kommunar må bruke mykje administrativ kapasitet eller hente inn ekstern hjelp for å forstå regelverket, dokumentere rett og sikre rett refusjon.

2. Kva betyr kvalitet i eldreomsorga, og korleis kan kvalitet målast?

Kvalitet i eldreomsorga handlar om at innbyggjarane får rett hjelp, til rett tid og på rett nivå. Det handlar ikkje berre om talet på sjukeheims plassar, men om tryggleik, meistring, verdigheit, aktivitet, fellesskap og gode overgangar mellom ulike tenestenivå.

For Austrheim betyr kvalitet mellom anna:

- at eldre kan bu trygt heime lengst mogleg
- at tenestene er føreseielege for brukarar og pårørande
- at kommunen har nok kompetanse og kapasitet
- at bustader og bygg er tilpassa behova
- at førebygging, aktivitet og fellesskap blir ein del av eldreomsorga
- at dei tyngste tenestene blir nytta når behovet faktisk er der

Kvalitet kan målast gjennom brukar- og pårørandeundersøkingar, ventetid, fallførekomst, ernæringskartlegging, legemiddelgjennomgangar, avvik, sjukefråvær, heiltidsandel, kompetansenivå og tal på eldre som kan bu trygt i eigen heim eller tilrettelagd bustad. Samtidig må kvalitetsmåling vere enkel og nyttig. Små kommunar har ikkje kapasitet til omfattande rapportering som ikkje gir reell styringsverdi. Staten bør difor leggje til rette for få, gode og samanliknbare indikatorar.

3. Kva tiltak bør prioriterast for å redusere forskjellar i kvalitet mellom kommunar?

For å redusere forskjellar mellom kommunar må staten jamne ut ulik økonomisk og fagleg kapasitet. Små og mellomstore kommunar har ofte mindre økonomisk bereevne, mindre fagmiljø og større sårbarheit i rekruttering.

Staten bør prioritere:

- sterkare statleg finansiering av helse- og omsorgsbygg
- rentefrie lån eller rentekompensasjon for kommunale investeringar
- betre Husbank-ordningar for omsorgsbustader og omsorg pluss-bustader
- ordningar som reduserer husleige for eldre med låg inntekt
- styrkt bustøtte for eldre i tilrettelagde kommunale bustader
- nasjonale kvalitetsindikatorar som ikkje gir unødig byråkrati
- støtte til rekruttering og kompetanse i distriktskommunar
- betre rammer for interkommunalt samarbeid og fagnettverk
- ei meir føreseieleg ordning for ressurskrevjande helse- og omsorgstenester

Ordninga for ressurskrevjande helse- og omsorgstenester bør gjerast enklare, meir føreseieleg og betre tilpassa små kommunar. Staten bør ta ein større del av risikoen for dei mest kostnads-krevjande enkeltsakene, slik at slike saker ikkje svekkjer kommunen si evne til langsiktig planlegging, førebygging og utvikling av eldreomsorga.

4. Korleis sikre at fleire eldre kan bu trygt heime lengre?

Fleire eldre kan bu trygt heime lengre dersom kommunen får høve til å byggje opp heile innsatstrappa. Det betyr at ein må setje inn rett tiltak tidleg, før behova blir så store at sjukeheim eller omfattande heildøgns omsorg blir nødvendig.

Tiltak som bør prioriterast:

- tilpassing av eigen bustad
- velferdsteknologi og digital tryggleik
- kvardagsrehabilitering
- gode heimetenester
- avlastning og støtte til pårørande
- dagsenter og aktivitetstilbod
- omsorgsbustader utan heildøgns bemanning
- omsorgsbustader med heildøgns bemanning
- omsorg pluss-bustader
- bustader med fellesareal, fellesskap og nærleik til tenester

Omsorg pluss-bustader og andre mellømløysingar kan bli svært viktige. Dei kan gje eldre tryggleik, sosial kontakt og nærleik til tenester utan at dei treng sjukeheimplass. Dette er både betre for mange eldre og meir berekraftig for kommunen.

Samtidig må slike bustader vere økonomisk tilgjengelege. Dersom eldre med låg inntekt ikkje har råd til å bu der, vil ikkje tiltaket fungere etter føremålet. Staten må difor sjå investeringstilskot, husleige, bustøtte og betalingsevne i samanheng.

5. Korleis styrkje bemanning, kompetanse og rekruttering lokalt?

Bemanning og kompetanse er ei av dei største utfordringane framover. Det hjelper lite å byggje nye bustader og institusjonsplassar dersom kommunen ikkje har nok folk til å drifte tenestene.

Tiltak som bør prioriterast:

- desentraliserte utdanningsløp
- fleire praksisplassar og lærlingplassar
- støtte til vidareutdanning og kompetanseheving
- tiltak for heiltidskultur
- betre oppgåvedeling mellom yrkesgrupper
- meir bruk av fagarbeidarar, assistentar og tverrfaglege team
- rekrutteringstiltak retta mot distriktskommunar
- betre leiingsstøtte i helse- og omsorgstenestene
- velferdsteknologi som frigjer tid til menneskeleg omsorg

I tillegg må staten erkjenne at kompliserte tilskotsordningar også bind opp kompetanse og kapasitet lokalt. Når kommunen må bruke mykje tid på å forstå regelverk, tolke refusjonskrav og hente inn ekstern bistand, tek dette ressursar bort frå tenesteutvikling, leiing og fagleg oppfølging. Forenkling av statlege ordningar er difor også eit bemannings- og kapasitetsgrep.

6. Korleis kan aktivitetstilbod, fellesskap og frivilligheit brukast betre?

Aktivitet, fellesskap og frivilligheit må sjåast som ein del av eldreomsorga, ikkje som noko som kjem i tillegg. Dette er viktig for å førebyggje einsemd, passivitet, funksjonsfall og behov for meir omfattande tenester.

Austrheim kommune bør vidareutvikle generasjonsbyggjande møteplassar og tiltak, til dømes:

- dagsenter og lågterskel møteplassar
- seniorsenter og aktivitetstilbod
- samarbeid med frivilligsentral, bibliotek, kultur og lag/organisasjonar
- måltidsfellesskap
- besøks- og aktivitetsvener
- transport til aktivitetstilbod
- møte mellom barnehage, skule, ungdom, vaksne og eldre
- sambruk av lokale i nye helse- og omsorgsbygg
- møteplassar der eldre både kan få støtte og bidra som ressursar

Eldrepolitikken bør vere generasjonsbyggjande. Det betyr at ein ikkje berre planlegg omsorgstenester isolert, men utviklar lokalsamfunn, bygg og møteplassar der generasjonar kan møtast. Omsorg pluss-bustader, helse- og omsorgstun, bibliotek, frivilligsentral, kulturarenaer og aktivitetsområde bør sjåast i samanheng.

Frivilligheit kan likevel ikkje erstatte lovpålagde helse- og omsorgstenester. Ho kan supplere, styrkje livskvalitet og skape fellesskap, men må ha god koordinering og støtte frå kommunen.

7. Kva bør regjeringa prioritere først i det vidare arbeidet med Eldreløftet?

Regjeringa bør først prioritere finansiering av heile innsatstrappa. Det må bli lettare for kommunane å investere i tiltak som kjem før sjukeheim.

Dei viktigaste prioriteringane bør vere:

1. Eit nasjonalt investeringsprogram for helse- og omsorgsbygg.
2. Rentefrie lån eller rentekompensasjon for kommunale investeringar i sjukeheimar, omsorgsbustader, omsorg pluss-bustader, dagsenter og helse- og omsorgstun.
3. Ei eiga statleg satsing på omsorg pluss-bustader og aldersvenlege bustader.
4. Styrkt bustøtte og eigne ordningar som sikrar at eldre med låg inntekt har råd til å bu i kommunale omsorgsbustader.
5. Gjennomgang av TEK-krav og Husbanken sine krav for å redusere unødvendige byggjekostnader.
6. Fleire statlege tiltak for rekruttering, kompetanse og bemanning i kommunal eldreomsorg.
7. Betre støtte til førebyggjande arbeid, aktivitetstilbod, frivilligheit og velferdsteknologi.
8. Stimulering til generasjonsbyggjande helse- og omsorgsbygg, der omsorgsbustader, omsorg pluss, aktivitetstilbod, frivilligheit, kultur og møteplassar blir planlagde i samanheng.
9. Ei meir føreseieleg, enklare og betre finansiert ordning for ressurskrevjande helse- og omsorgstenester.

Hovudpoenget er at staten må gjere det økonomisk mogleg for kommunane å handle før behovet for dei dyraste tenestene oppstår. I tillegg må staten ta større ansvar for dei kostnadene kommunane ikkje kan planleggje seg bort frå.

8. Kva konkrete forslag bør Arbeidarpartiet ta med inn i lokale valprogram?

Arbeidarpartiet bør i lokale valprogram prioritere ei eldreomsorg som byggjer på tryggleik, førebygging, fellesskap og berekraftig bruk av ressursar.

Konkrete forslag kan vere:

- følgje opp Temaplan helse og velferd 2025–2035 gjennom økonomiplan, investeringsplanar og konkrete prioriteringar
- utvikle fleire aldersvenlege bustader og omsorg pluss-løysingar
- planleggje helse- og omsorgstenestene etter innsatstrappa
- styrkje heimetenestene slik at fleire kan bu trygt heime
- satse på velferdsteknologi og kvardagsrehabilitering
- sikre gode aktivitetstilbod og møteplassar for eldre
- utvikle generasjonsbyggjande møteplassar og bygg
- styrkje samarbeidet med frivilligsentral, bibliotek, kultur, lag og organisasjonar
- arbeide for fleire heiltidsstillingar og betre rekruttering
- sikre systematisk kompetanseheving i helse- og omsorgstenestene
- styrkje pårørandestøtte og avlasting
- arbeide politisk for betre statlege finansieringsordningar for omsorgsbustader, omsorg pluss og helse- og omsorgsbygg
- arbeide for at eldre med låg inntekt skal ha råd til å bu i tilrettelagde omsorgsbustader
- arbeide for ei meir føreseieleg og enklare statleg finansiering av ressurskrevjande helse- og omsorgstenester

9. Tilleggspunkt: Meir statleg finansiering av barnevernstenesta

Sjølv om spørsmåla i hovudsak handlar om eldreomsorg, ønskjer Austrheim kommune også å peike på behovet for meir føreseieleg statleg finansiering av barnevernstenesta.

Barnevern er ei lovpålagd og nødvendig teneste, men for små kommunar kan kostnadene vere svært krevjande å handtere åleine. Utgiftene kan variere mykje frå år til år, og enkeltsaker kan gje store økonomiske utslag. Dette gjer det vanskeleg å budsjettere presist og planleggje langsiktig.

Austrheim kommune meiner difor at staten bør ta ein større del av finansieringsansvaret for barnevernstenesta, til dømes gjennom betre refusjonsordningar, sterkare toppfinansiering eller ei ordning som jamnar ut risikoen mellom kommunar. Målet må vere at barn og familiar får rett hjelp, utan at små kommunar får ein uforholdsmessig stor og uforutsigbar økonomisk risiko.

Samla hovudbodskap

Austrheim kommune meiner at framtidens eldreomsorg må byggjast rundt innsatstrappa, førebygging og generasjonsbyggjande lokalsamfunn. Fleire eldre skal kunne bu trygt heime eller i tilrettelagde bustader lengst mogleg, medan sjukeheim og heildøgns omsorg skal nyttast når behovet er størst.

For å få dette til må staten ta eit større ansvar for finansiering. Kommunane treng ordningar som gjer det mogleg å byggje helse- og omsorgsbygg, omsorgsbustader og omsorg pluss-bustader utan å setje kommuneøkonomien i fare.

Det er heller ikkje nok å stimulere til bygging dersom eldre med låg inntekt ikkje har råd til å bu i bustadene. Staten må difor sjå investeringstilskot, husleige, bustøtte og betalingsevne i samanheng.

I tillegg må staten ta eit større ansvar for uforutsigbare og ressurskrevjande helse- og omsorgstenester. Enkeltsaker med svært høge kostnader kan svekkje små kommunar si evne til langsiktig planlegging og utvikling. Tilskotsordninga må bli enklare, meir føreseieleg og mindre avhengig av ekstern tolking og konsulentbistand.

Det same gjeld barnevernstenesta, der store og uforutsigbare enkeltsaker kan gi små kommunar ein økonomisk risiko staten i større grad bør vere med på å bere.

Hovudbodskapen til regjeringa bør vere: Kommunane treng statlege ordningar som gjer det mogleg å byggje rett kapasitet, på rett nivå i innsatstrappa, til ein pris både kommunen og dei eldre kan bere. I tillegg må staten ta større ansvar for dei mest uforutsigbare og ressurskrevjande tenestene, både innan helse og omsorg og barnevern, slik at enkeltsaker ikkje velter kommuneøkonomien eller svekkjer evna til langsiktig utvikling av velferdstenestene.

Med venleg helsing

Bjarte Rosenlund
kommunalsjef samfunn



Tlf.: 56 16 20 00 / 954 16 870
www.austrheim.kommune.no

*Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse.
All e-post vert vurdert for eventuell journalføring i kommunen sitt sak-og arkivsystem.*

Frå: Per Lerøy <ple@equinor.com>
Sendt: fredag 8. mai 2026 13:29
Til: Bjarte Rosenlund <bjarte.rosenlund@austrheim.kommune.no>
Emne: Eldreomsøeg

Hei Bjarte.

Eg viser til gårsdagens telefonsamtale. Under ser du spørsmåla som helseministeren vil ha svar på. Fristen for å senda dei inn er onsdag 13. mai klokka 17:00. Austrheim Ap har gruppemøte måndag 11. mai og der vil me utforma våre svar til ministeren. Det vil derfor vera fint om leiargruppa i kommunen kan koma med eventuelle innspel før klokka 17:00 på måndag. Det hadde også vore nyttig om me hadde funne tid til å drøfta innspela på heildagsmøtet i kommunestyret tysdag 12. mai, det er sikkert mange representantar som vil ha gode innspel, men eg veit ikkje om det vil vera tid til noko slikt. Her har me i alle høve ein sjanse til å vera med å påverka framtidas eldrepolitikk.

Spørsmåla:

- Hva er de største utfordringene i eldreomsorgen i deres kommune i dag?
- Hva betyr kvalitet i eldreomsorgen for dere, og hvordan kan kvalitet måles?
- Hvilke tiltak bør prioriteres for å redusere forskjeller i kvalitet mellom kommuner?
- Hvordan sikre at flere eldre kan bo trygt hjemme lengre?
- Hvordan styrke bemanning, kompetanse og rekruttering i eldreomsorgen lokalt?
- Hvordan kan aktivitetstilbud, fellesskap og frivillighet brukes bedre for å forebygge ensomhet og styrke livskvaliteten?
- Hva bør regjeringen prioritere først i det videre arbeidet med Eldreløftet?
- Hvilke konkrete forslag bør Arbeiderpartiet ta med inn i lokale valgprogram fram mot kommunevalget?

Helsing Per